

## PRESSEMELDING

### RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2020

**Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit driftsresultat på kroner 525 millionar i 2020. Med ein omsetnad på kr 1.915 millionar gir dette ein driftsmargin på 27,4 %.**

Alsaker er eit vertikalintegreert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2020 4 smoltanlegg, 24 matfiskkonsesjonar, eit slakteri og eit havbrukssenter.

Produksjonen i konsernet skjer i 14 kommunar: Alver (Meland), Bjørnafjorden (Fusa), Bømlo, Etne, Kvam, Kvinnherad, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Stavanger (Rennesøy), Sandnes, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2020 produserte konsernet nesten 40.000 tonn laks, mot 38.000 tonn året før.

Produksjonsmessig har 2020 vore eit middels godt år for konsernet, med framgang i fleire deler av produksjonen. Både produksjonsvolumet og slaktevolumet gjekk opp samanlikna med 2019.

Ved utgangen av 2020 var det 248 fast tilsette i Alsaker-konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen.

<b>Alsaker Konsern</b>		
(Alle tal i mill. NOK)	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sum driftsinntekter	1 914,7	2 003,7
EBITDA	644,4	772,7
Driftsresultat	525,0	659,5
Resultat før skatt	496,3	679,2
Konsernrekneskapan for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP)		

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året kr 1.703 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 60 %.



Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.